



Tilleggsinnkalling  
av  
Heradsstyret

**Møtedato:** 23.09.2020  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 16:00 - 22:00

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus og til Bente Skjerpung per tlf. 56192100, sms til eller per epost til bente.skjerpung@osteroy.kommune.no

**Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.**

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
072/20	Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd
073/20	Interpellasjon

18. september 2020

Lars Fjeldstad  
møteleiar

Bente Skjerpung  
sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	17/2871

## Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd

### Vedlegg:

Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd - sak 096 19 HS

Vedtekter Ungdomsråd

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd vert vedteke slik dei ligg føre**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Osterøy ungdomsråd gjekk gjennom vedtektene på møte 26.03.2019 og saka vart oppe til handsaming i formannskapet 11.12.19, og heradsstyret 20.11.19. Saka vert då utsett, jf. vedtak 096/19 frå HS, og det vert sett ned ein arbeidsgruppe for utarbeiding av nye vedtekter. Dette arbeidet er no fullført og saka vart difor lagt fram for heradsstyret på nytt.

### Bakgrunn

Osterøy ungdomsråd vart oppretta i 2014. Vedtektene har ikkje vore reviderte sidan den gong. I ny kommunelov som trer i kraft f.o.m det konstituerande møte i heradsstyre ved oppstart av valperioden 2019 - 2023 er det i § 5.12 pålagt kommunane å legge til rette for medverknadsorgan for ungdom. Ny føresegn om kommunale råd og utval legg føringar for vedtektene.

Det var no naudsynt med ein gjennomgang og endring av vedtektene for Osterøy ungdomsråd.

### Vurdering

Rådmannen ser det som naudsynt at vedtektene til ungdomsrådet vert reviderte. Rådmannen legg til grunn ein utfordrande ressursituasjon, og ynskjer å vedta minimum fire møter i året. Fleire møter kan gjennomførast ved behov.

### Konklusjon

Rådmannen ber om at forslag til nye vedtekter for Osterøy ungdomsråd vert vedteke.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
096/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019
080/19	Formannskapet	PS	20.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Grete Birkelid	17/2871

## Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd

### Vedlegg:

Vedtekter for Osterøy ungdomsråd (rev. 2019)

Vedtekter for ungdomsråd i Osterøy Kommune 2014

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: «Reviderte vedtekter for Osterøy ungdomsråd vert vedteke slik dei ligg føre»**

Henrik Øksnes  
Tone Mjelde  
Alexander Thunestvedt

### Formannskapet - 080/19

#### FS - behandling:

Ragnar Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

#### AVRØYSTING

##### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - ingen røyster

Ragnar Tyssebotn sitt framlegg - samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

"Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

## Heradsstyret - 096/19

### **HS - behandling:**

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett, og det vert sett ned i arbeidsgruppe med tre medlemmer som utarbeider framlegg til nye vedtekter for Ungdomsrådet. Arbeidsgruppa skal sjå på dei erfaringane som er gjort med drift av rådet i forrige periode, samt innhenta erfaring fra andre ungdomsråd som har lukkast med å få eit aktivt og godt fungerande råd. . Gruppa skal i forslaget leggja opp til brei rekruttering til rådet, også utanfor ungdomsskulane og VGS. Framlegg til nye vedtekter skal leggjast fram for HS 1.April 2020. Framlegg til medlemmer i arbeidsgruppa: Lars Fjeldstad, Tone Mjelde og Alexander Thunestvedt."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Henrik Øksnes inn i arbeidsgruppa i staden for Alexander Thunestvedt.

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt felles framlegg: "Arbeidsgruppe: Henrik Øksnes, FRP, Tone Mjelde, SV og Alexander Thunestvedt, AP

### **AVRØYSTING**

Utsetjing for nedsetjing av arbeidsgruppe - samrøystes vedteke

Felles framlegg til val av arbeidsgruppe - samrøystes vedteke

### **HS - vedtak:**

"Saka vert utsett, og det vert sett ned i arbeidsgruppe med tre medlemmer som utarbeider framlegg til nye vedtekter for Ungdomsrådet. Arbeidsgruppa skal sjå på dei erfaringane som er gjort med drift av rådet i forrige periode, samt innhenta erfaring fra andre ungdomsråd som har lukkast med å få eit aktivt og godt fungerande råd. . Gruppa skal i forslaget leggja opp til brei rekruttering til rådet, også utanfor ungdomsskulane og VGS.

Framlegg til nye vedtekter skal leggjast fram for HS 1.April 2020.

Medlemmer i arbeidsgruppa: Henrik Øksnes, FRP, Tone Mjelde, SV og Alexander Thunestvedt, AP."

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Osterøy ungdomsråd vart oppretta i 2014. Vedtektene har ikkje vore reviderte sidan den gong. I ny kommunelov som trer i kraft f.o.m det konstituerande møte i heradsstyre ved oppstart av valperioden 2019-2023 er det i § 5.12 pålagt kommunane å leggje til rette for medverknadsorgan for ungdom. Ny føresegn om kommunale råd og utval legg føringar for vedtektene.

Det var no naudsynt med ein gjennomgang og endring av vedtektene for Osterøy ungdomsråd.

### **Bakgrunn**

Osterøy ungdomsråd gjekk gjennom vedtektene på møte 26.03.2019. Nedanfor er endringane skildra.

§1: Osterøy ungdomsråd ynskjer at vedtektene skal vere enklare for ungdommen å forstå. Det har vore gjort mindre endringar i ordlyd i §1.

§2: Ungdomsrådet ser eit behov for betre dialog med elevråda ved skulane. Dei ynskjer å til føye til punktet: «Ein representant frå kvar skule som er ungdomsrådet skal ha møterett i elevrådet ved skulen».

§3 a: Mindre endringar i ordlyden, då vedtektene er frå oppstartsåret.

§3 b: Basert på dagens elevtal ved dei ulike skulane som er representert i ungdomsrådet, ynskjer rådet å endre på antal representantar. Antal representantar frå Danielsen ungdomsskule er uendra, Osterøy ungdomsskule endrar frå 5 til 4 representantar og Osterøy vidaregåande skule endrar frå 3 til 4 representantar. I tillegg opnar vedtektene for at det kan vere 2 representantar frå ungdomslag og -organisasjonar i rådet.

For å sikra kjønnsfordeling, skal skulane ha minst to hovudrepresentantar av kvart kjønn. Danielsen ungdomsskule må ha minst ein hovudrepresentant av kvart kjønn. Ungdomsrådet ynskjer også å sikre ei fordeling av representantar frå både studiespesialiserande fag og yrkesfagleg studieretning. Difor vert det lagt til: «Osterøy vidaregåande skule må ha minst ein hovudrepresentant frå studiespesialiserande fag og minst ein hovudrepresentant frå yrkesfagleg studieretning».

§3 c: Ny *Forskrift om medvirkingsordninger* seier at heradsstyret skal vedta samansetninga i ungdomsrådet. Difor har ein lagt til; «Heradsstyret skal vedta samansetninga i ungdomsrådet etter innstilling frå ungdomsrådet».

Ungdomsrådet ynskjer å tydeleggjere kva aldersgruppe som kan stille til val i ungdomsrådet; «Representantane i ungdomsrådet kan stille til val f.o.m. det året dei fyller 13 år t.o.m. det året dei fyller 19 år».

§3 d: For å sikre kontinuitet og framgang i arbeidet til ungdomsrådet ynskjer dei å endre antal møter i året frå «minimum seks møter i året» til «minimum åtte møter i året».

§4: Det var tidlegare KOIK som godkjente vedtektsendringar for ungdomsrådet, men då me ikkje lenger har dette utvalet, er dette punktet endra til : «Vedtektsendringar må godkjennast av heradsstyret etter innstilling frå ungdomsrådet».

Endring september: Ny kommunelov legg føringar for at representantane ikkje kan vere fylt 19 år på

valtidspunktet. Vedtektene oppdatert september 2019 på bakgrunn av dette.

### **Vurdering**

Rådmannen ser det som naudsynt at vedtektene til ungdomsrådet vert reviderte. Rådmannen legg til grunn ein utfordrande ressursituasjon, og ynskjer å vedta minimum fire møter i året. Fleire møter kan gjennomførast ved behov.

### **Konklusjon**

Rådmannen ber om at forslag til nye vedtekter for Osterøy ungdomsråd vert vedteke.



## Vedtekter Osterøy ungdomsråd

### § 1 Føremål/oppgåver:

Ungdomsrådet i Osterøy kommune er eit demokratisk vald organ oppretta for å ivareta interessene til born og unge i kommunen. Ungdomsrådet er kommunen sitt medverknadsorgan for ungdom. Utvalet er oppretta med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar, § 5.12.

Ungdomsrådet skal:

- ✓ få informasjon om kva saker som er til behandling i kommunen, særleg saker som omhandlar eller kan påverke barn og ungdom.
- ✓ ha høve til å kome med innspel i saker som omhandlar dei, samt ta opp saker på eige initiativ.
- ✓ ha fokus på saker på eit overodna nivå m.a budsjett og kommuneplanar.
- ✓ ha direkte kontakt med elevråda på skulane for å sikre at ungdom får fremja saker som opptar dei.
- ✓ vere pådrivar for det frivillige og offentlege barne-og ungdomsarbeidet i kommunen.
- ✓ kvart år få midlar gjennom kommunebudsjettet, som skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.
- ✓ legge fram årsmelding til kommunestyret kvart år.

### § 2 Økonomi/organisering

- ✓ Ungdomsrådet får eigen konto i kommunerekneskapen. Midlar til ungdomsrådet blir fastsatt i budsjettet kvart år. Ungdomsrådet gjev rede for disponering av midlane i årsmeldinga si.
- ✓ Ungdomsrådet skal ha tilstrekkelg sekretariathjelp v/ungdomskoordinator. Sekretær har mynde til å disponera midlane til ungdomsrådet.
- ✓ Ungdomsrådet får nytta kommunalt utstyr til kopiering og utsending av dokument.
- ✓ Ungdomsrådet har rett til å ha møte i skuletida.
- ✓ Ein representant frå kvar skule som er ungdomsrådet skal ha møterett i elevrådet ved skulen

### § 3 Funksjonstid og samansetjing

#### a) Valperiode

- ✓ Representantane vert vald for eit år med funksjonstid frå 15.10 – 15.12 (dvs 14 mnd). Dette for å sikre ein overlapp mellom ungdomsråda.
- ✓ Medlemmane skal vere busett på Osterøy, men kan gå på skule utanfor kommunen.
- ✓ Ungdomsrådet kan opprette arbeidsgrupper som arbeider med saker i tillegg til ungdomsrådet.

#### b) Medlemstal

Ungdomsrådet skal ha 8 medlemmer:

- 1 frå Danielsen ungdomsskule
- 3 frå Osterøy ungdomsskule



## Osterøy kommune

Kultur og mangfald

- 2 frå Osterøy vidaregåande skule.

Ungdomsrådet kan også ha to representantar frå frivillige lag og -organisasjonar. Dei to representantane frå frivillig lag/organisasjonar blir vald av idrettsrådet og kulturrådet. Rådmannen legg fram forslag for H-styret på vegne av Idrettsrådet og Kulturrådet.

Rådet skal ha 40 % kjønnsbalanse. Det skal arbeidast for å sikre mangfald i rådet.

### c) Val

- ✓ Før 15.09 kvar haust nominerer elevråda nye medlemmer til ungdomsrådet. Den enkelte elev kan også nominere seg sjølv.
- ✓ I perioden 2020 – 2022 innstiller elevråda representantar til ungdomsrådet, som heradsstyret vedtek.
- ✓ Frå og med 2023 skal det gjennomførast skuleval til ungdomsrådet. Det er ungdomskoordinator og det avtroppande ungdomsrådet som er ansvarlig for å gjennomføra vala.
- ✓ Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar.
- ✓ Ungdomskoordiatoren har sekretærfunksjonen, elles skal medlemmane sjølv utføra arbeidet som følgjer med verva.
- ✓ Representantane i ungdomsrådet kan på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år (ref. kommunelova av 2019).

### d) Møte

- ✓ Ungdomskordinator har ansvar for å kalle inn ungdomsrådet etter møteplanen til H-styret.
- ✓ Ungdomsrådet skal ha like mange møter som heradsstyret har i løpet av året.
- ✓ Herradsstyret vel ein politkar som har møte- og talerett i ungdomsrådet
- ✓ Det skal førast referat frå møta med oversyn over deltakarar, saker og vedtak. Vedtak i ungdomsrådet vert gjort med vanleg fleirtal, så lenge minst halvparten er til stades. Ved eventuell stemmelikskap har leiar dobbelstemme.
- ✓ Referat frå møta skal offentleggjerast og sendast ved sakspapira til Heradsstyremøta.
- ✓ Årsmelding skal leggjast fram seinast 30.11, av det avgåande ungdomsrådet.

## §4 Vedtektsendingar

Vedtektsendingar må godkjennast av heradsstyret etter innstilling frå ungdomsrådet

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/2152

## Interpellasjon

### Vedlegg:

Interpellasjon; Tillitsrevolusjon

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Rådmannen gjer ikkje framlegg**

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Det er meldt inn ein interpellasjon frå SV, ved representanten Tone Mjelde, om eit forslag til tiltak til ein tillitsrevolusjon i Osterøy kommune.

### Vurdering

Interpellasjonen ligg ved.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram for heradsstyret til vurdering og eventuell handsaming.

# Me treng ein **tillitsrevolusjon** i Osterøy Kommune

Osterøy kommune står foran store utfordringar i åra og tida som kjem. Den einaste måten for å i det heile teke ha høve til å overleve dette er gjennom samskaping og at me saman dreg lasset. Samskaping mellom innbyggjar, næringsliv, administrasjon, friviljuge og politikarar. For å kunne arbeide saman fram mot noko må ein ha tillit til kvarandre.

I Osterøy har me dessverre kome i den situasjonen at denne tilliten er tynnslitt. Den er tynnslitt mellom «dei på rådhuset» og innbyggjarane. Mellom politikarar og administrasjon. Mellom «kommunen» og næringslivet. Og ikkje minst mellom bygder.

Men det er ikkje heilsvar. Osterøy har enkeltmenneske, tilsette, bygder og næringsliv med ei enorm drivkraft. Det som manglar er tilliten til kvarandre, som kan gje oss fellesskapskjensla. At me alle kjempar saman mot same mål og for alle innbyggjarane på Osterøy. Det vil ikkje bety at alle alltid er enige, eller har same interesser, men det betyr at me likevel har tru på at dei rundt oss ønskjer det beste for Osterøy. Til tross for at ein har forskjellige måtar å kome seg dit.

Etter å ha lest KS rapporten frå oppvekstsektoren så kan det verke som at både politikarar og tilsette har skrike om å få møtes og dra i same retning utan å ha visst om at begge leiarar ønskjer det same. Og kanskje fleire sitt med ei usikkerhet kring kven som eigentleg har ansvar for å ta tak i det. Eg trur det er slik i fleire tenester i kommunen og det er på høg tid at dette blir teke tak i.

Osterøy SV vil difor fremje denne interpellasjonen med følgjande vedtak:

**Osterøy Heradsstyre set ned ei politisk arbeidsgruppe som skal kome attende med eit forslag til plan innan januar 2021 for korleis starte ein tillitsrevolusjon i Osterøy Kommune. Planen skal vere gjennomførbar i høve ressursane kommunen har tilgjengeleg.**

Denne planen kan innehalde alt frå små til store hendingar. For eksempel «ope rådhus - møt ein tilsett». Det kan vere eit kort intervju med ein tilsett, som blir lagt ut på facebook-sida til kommunen. Det kan vere temadager der dei tilsette og politikarar møtes. Det kan handle om politikarar som kjem rundt på besøk i tenester. Det kan handle om å invitere ein leiar i administrasjonen til kvart heradsstyremøte framover, som legg fram styrker og utfordringar i si eining. Det kan handle om digitale heradsstyremøte. Det kan handle om aktivt å prøve å få forskjellige lag/organisasjoner til å kome i heradsstyret og fortelje om sitt arbeid. Det kan handle om å legge til rette for innbyggjar-brainstorming kring Osterøy si framtid eller konkrete utfordringar. Det kan handle om fokus på tilbakemelding og forståeleg språk i kommunikasjon mellom "kommunen» og innbyggjar.

Mykje kan me gjere med lite ressursar, og politikarar kan få eit spesielt ansvar i å drive noko av dette framover. Slik situasjonen er i dag skal det ikkje mykje til før dette faktisk kan bli ein revolusjon til det beste for Osterøy!